

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Veving

Oppskr. av: Arne Blom

(adresse): Feus

Fylke: Sør-Trøndelag

Herad: Agdenes

Bygdelag:

Gard: Elva

G.nr. 44 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det er nusta ingen opplysningar eg kan gi om veving her.

I Vevmåtar.

1. mannskleda.

Det mest brukte ty til mannskleda har vore vevdual. Ein mannsdrakt, "kledning", var krøye (i bygdamål: krøiy), vest (brøstduk), og bukse (bo'ok's). Vevdualet vart vove som 3-skaff med 3 krådar i linden i skjeia og 9-paru skjei. Det vart da 810 revingstrådar på ei alen breidde. Skulde det vera sers fint ty, kunde dei tra 10, eller opp til 12-paru skjei. Med 12-paru skjei vart det da 1080 revingstrådar på ei alen breidde, men det var sjeldan dei brukte så fin skjei til vevdual eller manns-ytterkleda. Under vevinga krødde dei ned ei krøa og retta på kyet vart på undersida. I ekte vevdual var det (er det) ullgarn i både reving og veft- eller rettare: varp og veft-. Til kvardags- eller grovare kleda var vevd-

målet grått, men til finare bruk var gamet av
 kvit ull og spunne så fint som muleg, og faget
 vart farga svart eller blått.

2. Kvinneklede. Det var trøye og skjort; dei sa
 også „stakk“. Trøya hadde ermar; men trøye
 utan ermar kalla dei „liv“. Men slike plagg var
 svært sjeldan brukte. — Kvinneklede var
 helst av halvullty, — med bomull renning og
 ull vett, og faget vart vove mest „firskaff“
 som „stoff“ og var likeins på begge idan; så
 skreddaren slapp å studere kva som var retta
 eller vranga sli, som med vundmålet til
 maunskledan; (der største studiet var å finne
 retta. Det fyrste maunskreddaren tok til med
 var å ta fram sin snipp av vundmålsveven og
 med sin kvass kniv skrapa loa av, så venda
 synte seg, — eit vanskelegt arbeid, og det
 hendte ymse gong at han tok i misst og smudde
 vranga ut i bukse. Det var ein stor feil, for
 bukse vart berre halvt så slibestekt som når
 retta var ut).

Kvinneklede til kvardagsbruk var naturleg
 grå eller også var vettan farga med ymse
 liker heime; renninga som oftast svart.

3. Underklede:

- a) for menn var dei av halvullty, bomull
 renning og ull islett - firskaff eller froskaff -
 til skjorte og underbukse, som regel kvitt.
- b) for kvinner var underklede - serk og
 underbukse - av heimevove berret -
 froskaff; men til underbukse var dei
 også 3-skaff, for da vart faget mjukare;
 men fekk da rett- og vrangside.
 Elles var det ikkje vanleg at eldre kvinner

brukte underleukse så seint somkring 1880. Dei hadde da ikkje andre klede nedantil enn stakk og kjole.

4. Seugeomking. =

5. Til seugklede var dei som lerret til laken og putervar. Seuglepper var det svart fä som var. Dei brukte sauksiumfeld med äkle. Det kunde hende sinkvan var leppe til overbreidsel, men med bomull renning og grö, grov ullveft. Men dei var jaunt over til underbreidsel eit slags leppe som kallest "greis", - med bomull renning og mest säugrä ull islet. I seinare tid brukte dei (og bruker liddels ennå) islett av enkelt bomullgarn (lösstakgarn) eit grovt nummer. Det er ei god underbreidsle.

6. Her i Agdenes veit eg ikkje av nokonstads dei har vore dukar eller serviettar. Men i Heim herad, graumelbygda, har dei så seint somkring 1880 vore borddukar, men i "enkel" breidde, isleis at dei sydde saman tvo i breidda for å få duken breid nokk åt bordet. Sømmen var da langs etter midten på bordet. Duken var da vore onlag som lerret, men med ein kråd av enkelt, grovt bomullgarn kvartover for kvar kornne, eller derikring. - Serviettar var ukjint. Eg rekner no ikkje med veving som dei har lært på hüsner- og tinglorusskolar i seinare tid.

7. Til handdukar tok dei av det som dei var til underklede, mest som eit slags lerret.

8. Äkle og dynebrekt var dei som "stoff" d. v. s. med bomullgarns renning og ullgarn islett.

men dei prøvde å laga eit slags anjussler med
yusse léter på islatken. Det vart da sou
smale og Breide reuder fuert over vevur



Nokon "künstvevad" brur eg ikkje
det har vore her i Agderus. Derimot
har det i grunnebygdene Sleim og
Hesne vore noko som eg vil
kalle "künstvevad" til dynebrekk
og serleg til åkle.

Vi har ikkje mange namn på vevuråtar; men
eg kan nemne vendnål, stoff (alt ty med
bomull, renning og ullgarn islett med vanleg
- ikkje künstveving) halvullty = stoff,
lerret, sjeriott, systervevad, vendty (det
bli av 3-skaftvevad) dreiel = duk- og handkle.

II. Herunder kan eg ikkje gi opplysningar.

